

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 13.05.2024
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie/Anne Kristin Kleiven
SAKA GJELD: **Rapportering prosjekt og digitaliseringsaktivitetar**
ARKIVSAK: 2020/9680

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
23.05.2024
21.06.2024

STYRESAK:
036/2024

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om status om prosjekt og digitaliseringsaktivitetar første tertial 2024 til vitende, og merkar seg at det blir ein hektisk periode fram til innflytting i Livabygget.

Oppsummering

Hovudfokuset for dei store prosjekta er å planlegge og gjennomføre innflytting i LIVA-bygget i Førde sentralsjukehus til hausten. Det er gjort ei grundig risikovurdering av flyttinga, og identifisert tiltak for å redusere risikoane. Ein viktig del av arbeidet fram mot innflytting er å gjennomføre desse tiltaka.

Helse Vest innfører i 2024 ny struktur for digitalisering, som inneber endring i rapportering for IKT-prosjekt. Det blir i denne rapporten gitt oversyn over statur for innføring av modellen.

Fakta

Prosjektaktiviteten til Helse Førde blir i all hovudsak gjennomført i programma Pasientens helseteneste og Nye Førde sjukehus, i tillegg til dei regionale og lokale digitaliseringsaktivitetane.

Planlegging av teneste- og organisasjonsutvikling har føregått over tid, og når det gjeld Førde sentralsjukehus, har desse vore samordna med byggeprosjektet Nye Førde sjukehus. I år er hovudfokuset å førebu og gjennomføre innflytting i Livabygget, som skal skje tidleg i haust. Innflytting i nytt bygg inneber også nye driftsmodellar, og det vert planlagt og trena på nye arbeidsprosessar, å ta i bruk ny teknologi og det er lagt nye bemanningsplanar. Teneste- og organisasjonsutviklinga vil halde fram etter innflytting i nytt bygg for dei som flyttar, og i etterkant av flyttinga vil det vere arbeid med å endre bruken av SVANA-bygget.

Dei to programma samarbeider tett, og aktuelle leiarar og medarbeidarar på alle nivå er engasjert i arbeidet. Føretaksleiinga er styringsgruppe, og er tett på saman med tillitsvalde og verneteneste. Styringsgruppa har møte annankvar veke, og medlemene i leiinga eig kvar sine prosjekt. Arbeidet med sjølve flyttinga er organisert gjennom ei eiga flyttegruppe som har brei samansetning av leiarar frå driftsavdelingane og andre nøkkelpersonar. Det er gjennomført eiga risikovurdering knytt til innflytting og det å ta i bruk LIVA-bygget. Ansvar for risikoane er fordelt mellom programma og delegert vidare til avdelingar og funksjonar i føretaket. Det blir særleg viktig å følgje opp gjennomføringa av desse tiltaka framover.

Pasientens Helseteneste - statusrapport

Det er høg aktivitet i dei mange teneste- og organisasjonsutviklingsprosjekta, og framdrifta er jamt over i samsvar med plan. Figuren under syner status for sentrale prosjekt.

Program- / prosjektnavn	Samlet status	Status kostnader	Status kvalitet	Status nytte	Status personell	Status tidsplan	Viktigste hendelse	Viktigste utfordring
Kontor og fellestenester NFS PH HFD	⚠	⚠	🟢	🟢	⚠	⚠	Arealplan i samband med ny drift ved inflytting i Livabygget september 2024 er klart, avventar resterande arealavklaringar for klinisk drift i Svana. HABU er vedtatt plassert i 6. etg. i Svana - gir manko på omlag 30 kontorplassar.	Auke i arealbruk for klinisk drift i Svana og i bygningsmassen elles ved FSS, gir mindre areal til stillerom, møterom og kontorkapasitet.
Sengeposter og hotell NFS PH HFD	⚠	⚠	🟢	🟢	⚠	🟢	Hovudaktivitatane denne våren har vore ferdigstilling av driftsmodellar for farmasitun, observasjonspost og utgreiing av oppgåvedeling. Vidare framover skal desse over i ein pilotperiode. Det er også tett fokus på tenesteutvikling og framtidig bemanning.	Halde framdrift på tenesteutvikling, noko som er premissleverandør for å få til ei effektiv drift. Sikre godt samarbeid mellom sengepostar, få på plass prosedyrer og andre rammer som nødvendige for ei god drift.
Sterilsentral NFS PH HFD	⚠	🟢	🟢	🟢	⚠	⚠	Prosjektleiars/seksjonsleiar for sterilsentralen slutta 26. april 2024. Det vert jobba med overlapping til ny prosjektleiars/seksjonsleiar. Arbeid kring oppsett av utstyr, operasjonskort, logistikk, lagervarer, opplæring med meir held fram for å få ein god oppstart av sterilsentralen i Livabygget.	At alt utstyr og integrasjonar kjem på plass i tide og at det er tilstrekkeleg tid til testing.
Digitale helsetenester PH HFD	⚠	🟢	🟢	🟢	⚠	🟢	Innføring av behovsstyrte poliklinikkar, video og god kodepraksis. Det har vore jamn og god vekst i bruk av skjema, fjernmonitorering, video og telefon siste året. Over 12% video- og telefonkonsultasjonar i 1. tertial. Ny organisering innan digitalisering Helse Vest. Deltaking i regionale løysingar for diabetes, kreft og e-behandling.	Avklare rettar til skjema, teknisk kapasitet til å utvikle nye behovsstyrte poliklinikkar. Finne gode validerte skjema for behovsstyrte poliklinikkar. Endringskapasitet i poliklinikkane er ei avgrensing i ei tid med store omstillingar og hektisk aktivitet elles. Ressurssituasjonen innanfor støtteapparat

Pasientens helseteneste HFD	!	!	◆	!	!	!	Det vert jobba med detaljplanlegging, nye driftsmodellar og kvalitetssikring av flytteprosess og ibruktaking av nytt sjukehusbygg.	Flyttegruppa har kome godt i gang med planleggingsarbeidet for god ibruktaking av Livabygget. Tema er opplæring, siste sjekk av utstyrslister, logistikk, kartlegging av lagervarer med meir. Driftsavdelingane har levert rapport til flyttegruppa med tilhørande ROS-vurdering.	Det er høgt endringstrykk og stor belastning på organisasjonen, leiarar og drift.
Fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering NFS PH HFD	!	◆	◆	◆	!	◆	Habilitering barn og unge er organisatorisk flytta til Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering (AFMR) frå 1. april. Driftsmodell, bemanning og organisering av tenester er under utvikling og det ser ut til at talet sengar innan spesialisert rehabilitering kan aukast til seks komande haust. Planen er å trappe opp til åtte på sikt. Det er starta opp to delprosjekt; Intensiv habilitering og tverrgående samhandlingsforløp innanfor habilitering.	Det er generelt krevjande å rekruttere legar og pleiepersonell. Manglande bemanning på lege og pleiesida betyr at det vil ta tid å nå målet om åtte sengar øyremerka spesialisert rehabilitering på døgnposten.	
Poliklinikkar og medisinsk dagbehandling NFS PH HFD	!	!	◆	◆	!	!	Omstillingsprosess for seksjonsleiarane i poliklinikkane er ferdig, og HR er i slutfase med omstillingsprosess for dei tilsette. Hovedaktivitet no er detaljplanlegging av drift og nye pasientflytar når ein tar i bruk Livabygget. Pilot av infusjonspoliklinikk starta i februar, med gode erfaringar for både paseitnar og tilsette.	Stort prosjekt med tenesteutvikling i 17 poliklinikkar, utfordrande med tid og kapasitet i klinisk drift til deltaking i prosjektarbeidet langs med detaljplanlegging av ny drift.	
Organisasjonsendring og IKT NFS PH HFD	!	!	!	◆	!	!	Arbeidet med å kartlegge og bestille endringar for sengepostane i DIPS er fullført. Arbeid med oppsettet i Imatis pågår. Bestillingane ble sendt innan fristen for å få testa pasientvarsling til Imatis samtidig med test av pasientsignalanlegget i Liva våren 2024. Dei to nye poliklinikkane i Liva er bestilt og sett opp i Orfu, og det pågår nokre avklaringar om namngjeving knytt til arbeid med retningslinjer for namngjeving	Tilstreккеleg tid til prosjektarbeid for involverte ressursar segler opp som den største utfordringa. Å skaffe tilstrekkeleg oversikt, nok kapasitet til prosjektarbeidet, at større og mindre beslutningar som skal ligge til grunn for arbeidet blir fatta i tide, tilstrekkeleg koordinering med tilgrensande prosjekt. Sikre at ingen oppgåver fell mellom alle stolar (prosjekt).	
Kvinne barn NFS PH HFD	!	◆	◆	◆	◆	!	Det er sett ned arbeidsgrupper som jobbar med å få til godt samarbeid mellom KK og BUA kring midtsoneromma; medisinrom, skyllerom, lager, kjøkken og melkekjøkken. I tillegg vert det jobba med oppdrag frå flyttegruppa for å planlegge ibruktaking av Livabygget. Tema som vert omhandla i flyttegruppa er mellom anna planlegging av opplæring, sjekk av utstyrslister, kartlegging av lagervarer, og logistikk.	Å få god handtering av flytteprosessen.	
Operasjon, dagkirurgi, oppvaking og anestesi NFS PH HFD	✖	!	!	!	✖	!	Bjørn Morten Øen har overtatt som mellombels prosjektleiar. Saman med Nye Førde sjukehus vert det no jobba med å få best mogleg flytteprosess og ibruktaking av Livabygget. Det er levert ein utfyllande rapport til flyttegruppa 17. april med tilhørande ROS-vurdering.	Allokerte legeressursar har utfordringar med å vere aktivt med i prosjektarbeidet.	
Laboratoriefag NFS PH HFD	!	◆	◆	◆	!	◆	Etablering av lokalt nettverk for laboratorietenester. Planlegge blodprøvetaking i Liva-bygget. Blodprøvetaking skal utførast med røpost i to etasjar og koplast på automasjonsløyising. Planlegging av prøvetakingspoliklinikk pågår.	Tilgang på ressursar. Det er lite tid til prosjektarbeid for leiarane i laboratoria. Usikker finansiering av prøvetakingspoliklinikk. Forankring av leiarnettverk for laboratoria i Helse Førde.	

I tillegg til prosjekta i figuren over, vert det starta opp eit nytt prosjekt som skal sjå på korleis klinikknære servicefunksjonar (sekretær/helsesekretær-tenestene) bør tilpassast endringar, til endringar, og eitt prosjekt knytt til tenesteutvikling og omstilling av sengepostane i Lærdal.

Pasientens Helseteneste - risikobilete

Risikobiletet dreier seg i hovudsak om å bli klar for innflytting i LIVA-bygget. Det må vere tid nok til å bli kjend med bygget og til å innarbeide nye driftsmodellar, til ferdigheitstrening, og til å få på plass naudsynt IKT-infrastruktur. Risikoane som driftsavdelingane har meldt inn dreier seg om tilstrekkeleg tid til opplæring i nye arbeidsrutinar, nok bemanning i overgangsfasen, nye arbeidsflytar i nytt bygg og nye IKT-løysingar. Når det gjeld IKT-løysingar er det både opplæring i bruken og nokre tekniske utfordringar med omsyn til funksjonalitet.

Å tilpasse drifta til ein så stor flytteprosess er krevjande. For å organisere arbeidet best mogleg er det etablert ei eiga flyttegruppe. Gruppa er godt i gang med planleggingsarbeidet som omhandlar opplæring, detaljplanlegging av flytting for dei ulike avdelingane, oversikt over varer og utstyr med meir. Det er utarbeidd planar og ROS-analyse i regi av flyttegruppa, og det vert fortløpande sett i verk risikoreduserande tiltak. Tiltak vert fortløpande følgt opp i prosjektgruppe, flyttegruppe og styringsgruppe, og justert ved behov. Risikoreduserande tiltak er mellom anna å lage gode opplæringsplanar tilpassa turnusane på avdelingane, trene på nye arbeidsflytar og til dømes bruke simulering før og etter at vi har tilgang til bygget. Det er tett oppfølging med leveranse av funksjonalitet når det gjeld IKT-løysingar, her er Helse Vest IKT og Byggstøtte IKT viktige samarbeidspartar.

Nye Førde sjukehus – statusrapport

Framdrifta i byggeprosjektet er på plan. Reservane i byggeprosjektet truleg brukt opp med det som no er kjente behov: Naudnett, auka utstyrsbehov, uavklara saker, sluttkorrigering av kostnadsindeks og auka administrasjon i samband med flytting.

Nye Førde sjukehus har fått i ansvar å koordinere flytteprosessen. Det har vore jobba godt ute i organisasjonen og inntrykket er at alle no er i gang med konkrete planar.

Program- / prosjektnavn	Samlet status	Status kostnader	Status kvalitet	Status nytte	Status personell	Status tidsplan	Viktigste hendelse	Viktigste utfordring
00 Nye Førde sjukehus NFS HFD	⚠	◆	◆	◆	◆	◆	Planlegging av innflytting av Livabygget er komen godt igang.	Overhalde den reviderte gjennomføringsplanen slik at 33 millionar kan nyttast på tiltak i Svana mini
02 Flaumvern, veg og straumforsyning NFS HFD	⚠	⚠	◆	◆	◆	◆	Himling i plan 0 Svana er lukka og nytt lys montert	Trykke på arbeidet for å kunne setje sluttstrek i delprosjektet.
04 Ombygging Svana 1 NFS HFD	⚠	⚠	◆	◆	◆	◆	Oppstart prosjektering for arbeid i plan 0 i Svana	Få på plass FDV dokumentasjon knytt til Svana 1
03 Livabygget NFS HFD	⚠	⚠	◆	◆	◆	◆	Utkast til rokade/innflyttingsplan er utarbeidd	Innregulering og testing av tekniske anlegg


Nye Førde sjukehus – risikobilete

Framdrifta i prosjektet er på plan. Det er gjennomført overordna risikovurdering i samarbeid med Pasientens helseteneste, og også særskild risikovurdering knytt til flyttinga. Alle

risikoane er vekta, tiltak er etablerte og ansvar for gjennomføring er delegert. Vurderinga er at gjennomføring av aktuelle tiltak vil føre til eit akseptabelt risikobilete. Nye Førde sjukehus vil følgje opp gjennomføringa i samarbeid med Pasientens helseteneste.

Regionale digitaliseringsaktivitetar

Det er innført ein ny styringsmodell for digitalisering i Helse Vest i 2024. Porteføljestyret er erstatta av eit digitaliseringsstyre og aktivitetane er delte opp i fem ulike område. Områda er ansvarlege for prosjekt og utviklingsaktivitetar som til saman har eit budsjett på 550 millionar kroner i 2024. I tillegg har dei ansvar for at forvaltninga som er knytt til deira område vert nytta på best mogeleg måte. Biletet under syner områda og dei prosjekta som var melde inn i samband med årets budsjett.



Det er også utarbeidd ein strategi for digitalisering i Helse Vest med føringar, ambisjonar og innsatsområde som skal sikre dei rette prioriteringane framover.

Helse Førde og dei andre helseføretaka er breitt representerte i styringsmodellen og Helse Førde har i stor grad spegla den regionale modellen lokalt. Det er så langt etablert eit lokalt digitaliseringsstyre og lokale forum for Pasientbehandling og MOT-området. Omlegginga er relativt omfattande, og det vil ta noko tid før den finn si endelege form. Dette gjeld både i Helse Vest og i kvart enkelt føretak.

Det blir teke sikte på ei grundigare rapportering på aktivitetane hausten 2024. Gjennomgåande inntrykk er at aktivitetane har framdrift om lag som planlagt. I samband med innflyttinga i Liva-bygget er det særskilt merksemd knytt til Steriop-prosjektet som handlar om å levere utstyr til operasjon frå sterilsentral og sterillager. Det har vore skifte av personell i prosjektet og i leiarlina. For å ta i bruk nye operasjonsrom er det ein føresetnad at ein lukkast med prosjektet.

Kommentarar

Dei viktigaste aktivitetane dette året er knytt til innflytting i LIVA-bygget i Førde sentralsjukehus. Programmet Pasientens helseteneste og Nye Førde sjukehus har gjennom fleire år arbeidd med sikte på at alt skal vere klart til 2. byggesteg av Nye Førde sjukehus; Livabygget, står klar til innflytting hausten i 2024. Ved denne rapporteringa er det om lag tre månader att, med sommarferien i mellom.

Leiinga i føretaket følgjer dei mange prosessane tett og har hyppige oppfølgingar med prosjekta og framdrifta. Det er våren 2024 gjort ei grundig vurdering av risikoane ved innflytting. Administrerande direktør følgjer risikoreduserande tiltak tett.

Prosjekta har god framdrift, og det blir lagt ned ein imponerande innsats frå alle delar av organisasjonen for å kome i mål.

Konklusjon

Det er høg aktivitet knytt til teneste- og organisasjonsutvikling, eit arbeid som omfattar store delar av organisasjonen og dei fleste lokasjonane. Dette vil vere eit kontinuerleg arbeid også etter innflytting i LIVA-bygget. Nye Førde sjukehus nærmar seg avslutning, og innflytting i LIVA-bygget er sett til august/september.

Nye Førde sjukehus og Pasientens helseteneste har god framdrift fram mot innflytting i Livabygget tidleg i haust. God gjennomføring av risikoreduserande tiltak er viktig for å lukkast.

Helse Førde innfører ny struktur for digitalisering i samarbeid med og i samsvar med regionale planar. 2024 er eit oppstarts- og innføringsår for innarbeiding av struktur og ny arbeidsmåte.